



# Planar for HVO 2022

Vedtatt i høgskulestyret 09.12.21



HØGSKULEN I VOLDA

# Sektormål og styringsparameter fastsatt av Kunnskapsdepartementet

Mål 1 – Høg kvalitet i utdanning og forskning	Mål 2 – Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	Mål 3 – God tilgang til utdanning
<ul style="list-style-type: none"><li>• Delen bachelorkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid</li><li>• Delen masterkandidatar i eit kull som gjennomfører på normert tid</li><li>• Delen ph.d.-kandidatar som gjennomfører innan seks år</li><li>• Fagleg tidsbruk (timar) per veke blant heiltidsstudentar</li><li>• Skår på korleis studentane oppfattar studiekvaliteten</li><li>• Talet publikasjonspoeng per fagleg årsverk</li><li>• Verdien av Horisont 2020-kontraktar per FOU-årsverk</li><li>• Delen utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+ av totaltalet studentar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Delen masterkandidatar sysselsett i relevant arbeid eit halvt år etter fullført utdanning</li><li>• Bidragsinntekter frå Forskingsrådet per fagleg årsverk</li><li>• Andre bidrags- og oppdragsinntekter per fagleg årsverk</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kandidattal på lærarutdanningane, jf. måltal</li></ul>
Mål 4 – Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingssystem		
<ul style="list-style-type: none"><li>• Talet på studiepoeng per fagleg årsverk</li><li>• Delen kvinner i dosent- og professorstillingar</li><li>• Delen mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstillingar</li></ul>		

# Utviklingsavtale med KD

## 1. Lukkast med HVOs plan for nye Grunnskulelærerutdanningar (GLU)

- **Mål:** Å utvikle ei kvalitativt god og særmerkt femårig grunnskulelærerutdanning med digital og internasjonal profil.

## 2. Styrke posisjonen som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg

- **Mål:** Vidareutvikle Høgskulen i Volda sin posisjon som ein framifrå studiestad for yrkesretta medieutdanning i Noreg ved å satse på teknologi, kompetanseheving, undervisningslokale og nærleik til praksisfeltet.

## 3. Ha fagleg fokus på utvikling av ferdigheiter for framtida (Future Skills)

- **Mål:** Høgskulen ønskjer i utviklingsavtalen å arbeide tverrfagleg med eit framtidsperspektiv på kunnskap for at utdanningane og forskinga vår skal vere best mogleg tilpassa dei behova samfunnet har i framtida.

## 4. Rekruttering og utvikling av toppkompetanse

- **Mål:** Høgskulen i Volda vil over tid rekruttere og utvikle toppkompetanse for å gje høgskulen, studentar og arbeidslivet tilgang til høg og oppdatert kunnskap.





# Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

## Skildring av mål frå KD

For å møte utfordringane samfunnet står overfor, må høgare utdanning og forskning ha høg kvalitet. Studentane må få god undervisning uansett kva studiestad dei har valt. Arbeidsgivarar må vere trygge på at kandidatane er godt kvalifiserte, og samfunnet må kunne stole på at forskinga blir utført i solide fagmiljø med høg kompetanse. Evalueringar viser at utdanninga og forskinga i Noreg er god, men at vi har fleire svake og fragmenterte utdannings- og forskingsmiljø, og at vi har få framifrå miljø. Regjeringa vil at alle utdannings- og forskingsmiljøa i Noreg skal ha høg kvalitet, og at fleire skal hevde seg internasjonalt. Dette inkluderer også fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid.

## Forslag til verksemdmål HVO 2022 – likt som i 2021

1. HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming
2. HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa
3. HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FOU-arbeidet

# Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
1.1. HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og gjennomstrøyming	1.1.1 HVO skal styrke den faglege leiinga av utdanningsprogramma	a) Utarbeide digitale opplæringsressursar for program- og emneansvarlege
	1.1.2 HVO skal styrke den pedagogiske kompetansen til fagtilsette	a) Evaluere og vidareutvikle tilboda i høgskulepedagogikk b) Alle fagtilsette skal ha pedagogisk kompetanse som tema i medarbeidarsamtale
	1.1.3 HVO skal styrke studiekvaliteten	a) Revidere handlingsplan for studiekvalitet, jamfør NOKUT-tilsyn b) Få på plass meriteringssystem for god undervisning c) Vidareutvikle nye undervisningsformer og konkretisere desse i emneplanar d) Revidere strategi- og handlingsplan for digitalisering e) Vidareutvikle det digitale tilbodet gjennom Læringsverkstaden f) Tilbod om opplæring i didaktikk og teknikk knyta til studentaktiv læring
	1.1.4 HVO skal betre gjennomstrøyminga på master	a) Vidareutvikle studieleiing av masterprogramma og vurdere programstruktur b) Styrke læringsmiljøet til masterstudentane ved å etablere baserom for masterstudentane c) Vurdere masterkatalog på alle masterutdanningar d) Knyte masterstudentane tettare på forskingsgruppene våre



# Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
1.2 HVO skal styrke forskingsaktiviteten og auke den vitenskaplege publiseringa	1.2.1 HVO skal auke tal publiseringspoeng	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Tydeleggjere forventningar om publisering i alle avdelingsfora, i forskingsgruppene og i dialogen med den enkelte tilsette.</li><li>b) Etablere mentorordning mot førstelektoropptrykk.</li><li>c) Stimulere til at forskingsgruppene legg til rette for sampublisering på tvers av kompetansenivå.</li><li>d) Arrangere kurs i korleis skrive vitenskapelig artikkel.</li><li>e) Vurdere vidareføring av ekstra satsing på kalling av professor II.</li><li>f) Arbeide for at tilsette skal utnytte FoU-tida.</li><li>g) Auke tal deltakarar frå HVO med paper på Fjordkonferansen.</li><li>h) Dokumentere roller og forventningar til forskingsgruppeleiarar i handbøkene.</li></ul>
	1.2.2 HVO skal heve kvaliteten på søknadar til nasjonale og internasjonale finansieringskjelder	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Identifisere og stimulere forskingsgrupper som har potensial for tilslag på søknadar til NFR og Regionale forskingsfond.</li><li>b) Stimulere til at søknader som får avslag blir vidareutvikla og sendt på nytt.</li><li>c) Kurs i søknadsskriving og forskingsprosjektleiing.</li><li>d) Synleggjere kompetansen vår i EU-portalen for å posisjonere oss som partner for EU-søknadar.</li></ul>



# Mål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
1.3 HVO skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane og FoU-arbeidet	1.3.1 HVO skal vere blant dei beste på andel studentutveksling	a) Få i gang utveksling og internasjonal praksis etter pandemien. b) Synleggjere moglegheiter for utveksling i alle studieplanar.
	1.3.2 HVO skal stimulere til nasjonalt og internasjonalt forskings- og utviklingsarbeid	a) Nytte Erasmus+ samarbeidet på utdanning til å etablere forskingssamarbeid. b) Auke internasjonalisering i utdanningane ved å styrke internasjonaliseringa heime, mellom anna utnytte digitale moglegheiter. c) Vurdere støtteordningane for utanlandsopphald.



# Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

## Skildring av mål frå KD

Grunnlaget for framtidig verdiskaping og velferd i Noreg er å realisere kunnskapssamfunnet. Regjeringa har som ambisjon at Noreg skal vere eit av dei mest innovative landa i Europa. Universitet og høgskolar er sentrale i den økonomiske, kulturelle og sosiale utviklinga både regionalt og nasjonalt, og avgjerande for å vidareutvikle kunnskapssamfunnet. Noreg har eit kunnskapsintensivt arbeidsliv med behov for oppdatert kunnskap og kompetanse. Skal universitet og høgskolar fylle denne rolla, må dei ha eit utstrakt samarbeid med samfunns- og næringsliv. Noreg treng utdanning, forskning, fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, kunnskapsdeling og kandidatar som bidrar til nødvendig omstilling, innovasjon og verdiskaping i offentleg og privat sektor.

## Forslag til verksemdmål HVO 2022 - likt som i 2021

1. HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida
2. HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping
3. HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt





# Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
2.1 HVO skal vere relevant for samfunnsutfordringane i framtida	2.1.1 HVO skal sikre arbeidslivsrelevans i alle utdanningar	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Invitere fleire gjesteforelesarar frå arbeidslivet inn i utdanningane våre.</li><li>b) Utnytte ordninga for forskarmobilitet i Møre og Romsdal fylke.</li><li>c) Bruke erfaringar frå etterutdanning/vidareutdanning til å styrke grunnutdanningane.</li><li>d) Implementere Arbeidslivsportalen.</li><li>e) Implementere prosjekt Arbeidslivsrelevans i kultur- og mediefagene, jfr HK-dir-søknad (tidlegare DIKU).</li><li>f) Utvikle samarbeid med lærarutdanningsskular og læringsutdanningsbarnehagar.</li><li>g) Utvikle master i barnevernfagleg arbeid.</li></ul>
	2.1.2. HVO skal utvikle og forske på framtidsferdigheiter i utdanning	<ul style="list-style-type: none"><li>a) Publisere kunnskapsgrunnlag for framtidsferdigheiter.</li><li>b) Vidareføre arbeidet med å tydeleggjere framtidsferdigheiter i studie- og emneplanar.</li></ul>



# Mål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
2.2 HVO skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar for utvikling, innovasjon og verdiskaping	2.2.1 HVO skal auke bidrags- og oppdragsinntektene	a) Evaluere organiseringa av ekstern finansiert aktivitet ved HVO. b) Strategiseminar om framtidig satsing på etter- og vidareutdanning. c) Være med på minst tre søknadar til Regionalt forskingsfond Møre og Romsdal.
	2.2.2 HVO skal samarbeide aktivt med arbeidslivet regionalt og nasjonalt	a) Utvikle og konkretisere korleis HVO skal utnytte potensialet i Norsk Innovasjonssenter i Volda. b) Evaluere samarbeidsavtalen med Framtidslaben i Ålesund og Skaparhuset i Ulsteinvik. c) Arbeide for forpliktande avtalar med aktuelle aktørar.
2.3 HVO skal ta aktivt del i samfunnsdebatten regionalt og nasjonalt	2.3.1 HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, formidlings- og forskingsverksemd	a) Lage plan for formidling av HVO si verksemd. b) Vidareutvikle Forskingsdagane til å ha eit regionalt nedslagsfelt.



# Mål 3: God tilgang til utdanning

## Skildring av mål frå KD

Utdanningstilbodet skal legge til rette for god tilgang til nødvendig arbeidskraft og kompetanse i alle delar av landet. God tilgang inneber ikkje berre geografisk nærleik, men også tilbod om studiefinansiering og studentbustad, at studietilbodet er tilpassa ulike typar studentar, bruk av digitale læringsressursar og anna som gjer det mogleg med livslang læring. Regjeringa vil at alle skal ha tilgang til høgare utdanning, og at det skal vere mogleg for alle å ta høgare utdanning, uansett kjønn, etnisk, sosial, geografisk og økonomisk bakgrunn. Livslang læring er viktig for å legge til rette for nødvendig omstilling og fornying for den enkelte og for samfunns- og arbeidsliv.

## Forslag til verksemdmål HVO 2022 - likt som i 2021

1. HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase
2. HVO skal styrke Volda som regional studiestad



# Mål 3: God tilgang til utdanning

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
3.1 HVO skal vere god på fleksible utdanningar som kan takast uavhengig av tid, stad og livsfase	3.1.1 Alle fagmiljø skal vere god på digital undervisning	a) Vidareutvikle læringsverkstaden. b) Tilbod om opplæring i didaktikk og teknikk knyta til studentaktiv læring. c) Motivere tilsette til å ta kurs i høgskulepedagogikk i digital kompetanse. d) Være aktiv søker på relevante utlysingar frå HK-DIR.
	3.1.2 HVO skal vidareutvikle fleksible masterutdanningar	a) Vurdere programstruktur for eksisterande mastergrader.
3.2 HVO skal styrke Volda som regional studiestad	3.2.1 HVO skal vidareutvikle ein kompakt campus med nærleik mellom studentar, tilsette og arbeidslivet	a) Arbeide vidare med prosjekt Ombygging av Hans Strøm-huset. b) Arbeide vidare med realisering av Norsk innovasjonssenter. c) Arbeide vidare med realisering av andre sentrale tiltak i Campusutviklingsplanen 2.0.



# Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsssystem

## Skildring av mål frå KD

Ein effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og tilsvarande forskingsssystem skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla. Universitet og høgskular forvaltar ein betydeleg del av midlane for fellesskapet. Ressursane skal brukast effektivt og til beste for samfunnet. Institusjonane skal utvikle profilar i tråd med styrke og eigenart, og bidra til ein differensiert sektor med høg kvalitet. Vidare skal dei møte behova i samfunnet på ulike område og bidra til at Noreg kan hevde seg internasjonalt som ein framifrå kunnskapsnasjon. Det vil framleis vere behov for samarbeid, arbeidsdeling og fagleg konsentrasjon i universitets- og høgskulesektoren etter at strukturreforma er gjennomført. Institusjonane må halde fram med å sjå korleis dei saman kan løyse utfordringar i sektoren. Institusjonar som har grunnlag for det, er forventa å dyrke fram utdannings- og forskingsmiljø som kan hevde seg i verdstoppen.

Styringsparametrane under dei tre første måla vil også seie noko om måloppnåinga på dette målet, sidan mål 4 er eit tverrgående mål som skal bidra til best mogleg måloppnåing på dei tre første måla.

## Forslag til verksemdmål HVO 2022 - likt som i 2021

1. HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar
  2. HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø
  3. HVO skal effektivisere drifta
-



# Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsssystem

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
4.1 HVO skal ha ein tydeleg profil og vidareutvikle samarbeidet med andre UH-institusjonar	4.1.1 HVO skal kontinuerlig arbeide med strategisk utvikling av studieporteføljen	a) Lage tydelegere prosessar og rutinar for gjennomgang og godkjenning av studietilbod, basert på alle deler av SEFØ-modellen. b) Utarbeide handlingsplanar for å realisere ny strategi HVO.
	4.1.2 HVO skal med utgangspunkt i strategiplanen, greie ut moglegheiter og utfordringar med å halde fram som ein mindre, veldig skarpt profilert høgskule eller eit forpliktande samarbeid med andre institusjonar i UH-sektoren	a) Utforske moglegheiter for tettare samarbeid med andre institusjonar.



# Mål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgre utdanningssektor og forskingsssystem

Verksemdmål	Delmål	Tiltak
4.2 HVO skal arbeide for eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø	4.2.1 HVO skal arbeide for at 60 % av fast fagleg tilsette har førstekompetanse og 15 % har toppkompetanse før 2023.	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Arrangere toppkompetanse-opprykkseminar.</li> <li>b) Arrangere førstelektor-opprykkseminar.</li> <li>c) Etablere mentorordning for høgskulelektorar mot opprykk.</li> <li>d) Gjennomføre BALANSE-prosjektet 2021-2022.</li> <li>e) Implementere dei internasjonale prinsippa i Charter and code.</li> </ul>
	4.2.2 HVO skal arbeide for å auke andel kvinner i faglege toppstillingar til 1/3 før 2023.	
	4.2.3 HVO skal sikre god balanse mellom faglege og administrative oppgåver	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Identifisere og følgje opp tiltak etter ARK 2021.</li> <li>b) Bygge felles HVO kultur gjennom rolleforståing og internkommunikasjon.</li> <li>c) Ferdigstille Prosjekt internkommunikasjon.</li> </ul>
4.3 HVO skal effektivisere drifta	4.3.1 HVO skal implementere fellesløysingar i sektoren og sikre fornuftig balanse mellom kvalitet og effektivitet i drifta	<ul style="list-style-type: none"> <li>a) Revidere digitaliseringsstrategien for HVO.</li> <li>b) Fortsette arbeidet med prosesskartlegging og RPA - Robotic Process Automation.</li> <li>c) Implementere fellesløysingar som vert rulla ut i sektoren.</li> </ul>

